

Helg og Høgtid

Kyrkjelydsblad for Seljord,
Flatdal og Åmotsdal

Nr. 2 · Haust 2021
92. årgang



Biletet er frå dåp av Ole Skårnes Skogsfjord, i Flatdal kyrkje 30. juli 2021.
Foto: Kristian Øvrekleiv



Maya auser vatn i døypefonta.
Foto: Anne Lene Skårnes

Redaksjon

917 23 967 | post@seljordkyrkje.no
Bankgiro: 2711.20.31826

Opningstider

Tys/ons/tor 09–13. Elles treffetid etter avtale. Kontoret kan vera ubemannna på grunn av oppdrag ute.

Kyrkjekontoret

Dag Harald Undheim, Sokneprest
907 78 921 | dag.harald@seljordkyrkje.no

Petter Jakobsen, Ungdomsprest
909 51 409 | petter@seljordkyrkje.no

Jon Svartdal, Kyrkjevevjerje
917 23 967 | jon@seljordkyrkje.no

Natalia Furmankova, Kantor
451 96 255 |
natalia.furmankova@seljordkyrkje.no

Knut Ove Lofstad, Ungdomsdiakon
996 16 526 |
knut.ove@seljordkyrkje.no

Kyrkjetenarar

Ivar Øygarden
907 84 971 | ivar@seljordkyrkje.no

Eilev Eiesland Bjørge
975 45 943 | eilev@seljordkyrkje.no

Seljord sokneråd

Bergit Lisleåsheim Telnes | 906 91 674
bergit.telnes@seljord.kommune.no

Heimeside

www.seljordkyrkje.no

Det kosmologiske argument

Heilt frå eg var liten har eg vore nysgjerrig på store eksistensielle spørsmål. Kvar kjem me frå? Korleis vart universet til? Kva/kven står bak? Slike spørsmål har eg grubla mykje på. Eg byrja å studere teologi og filosofi for å finne svar på slike spørsmål.

Fundamentet i mi kristne tru er fornuftige argument. Dette fundamentet står fast uavhengig av religiøse opplevingar eller følelsar. Eit viktiga argument for meg er det kosmologiske argument: Alt som byrjar å eksistere har ein årsak, universet byrja å eksistere, derfor har universet ein årsak. Eg skal forklare dette argumentet nærmare.

At alt som eksisterer har ein årsak er ei sentral vitskapeleg forutsetning. Det finnes ingen vitskap der det er observert at noko har oppstått utan ein årsak. Eg vil og hevde at det er ein absurd tanke at noko skulle byrje å eksistere heilt av seg sjølv. Tenk deg at du går tur i skogen og ser ein stor rund klinkekule. Tenk deg at nokon hevda at det ikkje fans ei forklaring på korleis kula vart til, at den berre hadde oppstått av seg sjølv. Ville du godtatt den påstanden?

I det kosmologiske argument, tilsvarar universet klinkekula i skogen. Derfor er det sjølvsagt at universet må ha ei forklaring, ei årsak. Nokon påstår at det har oppstått av seg sjølv av ingenting, men som me har sett er dette ein absurd påstand. Å hevde at alt treng ein forklaring bortsett frå sjølv universet, gjev ikkje mening.

At universet ei gong byrja å eksistere har også god støtte frå vitskapen, i form av Big bang teorien. Før denne teorien kom, var det vanleg å hevde at universet var evig. Altså at det alltid hadde vore der. Då slapp ein unna problemet med kva som er årsaka. I dag er det brei einigheit om at universet har byrja å eksistere frå eit lite punkt. Ei gong fantes altså ikkje universet, før det vart til på mystisk vis.

Konklusjonen vert derfor at universet har ei årsak til detts eksistens. Kva er så denne årsaka? For å kome nærare svaret kan me granske kva eigenskapar årsaka må ha.

Årsaka må vera evig. Denne årsaka har altså ikkje byrja å eksistere, men har alltid eksistera. Nokon tenker at denne årsaka har ein årsak, og årsaka til årsaka har ein årsak osv., men ei slik rekke kan i prinsippet fortsette evig, og dette vert også absurd. Noko må alltid ha vore der.

Årsaka må nødvendigvis også vere noko anna enn det som universet består av. På same vis som ein kunstnar nødvendigvis må vera noko anna enn sitt kunstverk. Eit kunstverk kan ikkje lage seg sjølv.

Årsaka må vera enormt kraftfull for å stå bak detta enorme universet.

Årsaka må også vera personleg og ha fri vilje. Det er den einaste måten ein kan forklare korleis ein evig årsak kan skape noko som ikkje er evig slik som universet. (Det er noko komplisert å gå djupare inn på kvifor årsaka må vera personleg og ha fri vilje, ta gjerne kontakt om du er interessert).

Universets årsak må altså vera evig, noko anna enn det materialet universet består av, enormt kraftfull og personleg med fri vilje. Eg og mange andre trur at denne årsaka er Gud. Den allmechtige Gud som skapte himmel og jord. Kva ana kan det vera?

Det kosmologiske argument er berre eit av fleire argument for Guds eksistens, som eg bygger trua mi på.

Eg vil avslutte med desse orda frå apostelen Paulus brev til romarane: «For det ein kan vita om Gud, ligg ope framfor dei; Gud har sjølv lagt det ope fram. For hans usynlege vesen, både hans evige kraft og hans guddom, har menneska kunna sjå og skjøna av gjerningane hans heilt frå verda vart skapt.»

Knut Ove Lofstad



Nytt frå soknerådet

Heller ikkje denne våren blei normal i kyrkjeleg forstand; alle gudstenester i samband med påska blei avlyst over heile landet, og konfirmasjonane som var planlagt i mai måtte stort sett utsetjast.

Dei fleste konfirmasjonane blei gjennomført over to helger i august.

Korona-epidemien har lenge ført til at det er svært få som kan vera samla innandørs i kyrkjene våre. Difor prøvde me ein ny vri på 17.-mai-gudstenestene både i Seljord og Flatdal denne våren. Me flytta oss ut av kyrkjene!

I Seljord samla me oss framfor Landstad-monumentet, og messa i Flatdal vart halde på parkeringsplassen ved kyrkja. Både Seljord og Flatdal skulemusikk stilte opp og spelte til songane på desse samlingane. Dette gjorde at fleire kunne vera til stades, og det kan tenkast at me vil ha gudsteneste ute på 17. mai sjølv om det ikkje blir smittevern å ta omsyn til.

I kommunen vår har det heldigvis vore lite smitte, og me var glade for å kunna koma i gang med nokre av dei faste aktivitetane våre. Det var føremiddagstreff både i Seljord og Flatdal, og ei samling for Tysdagsklubben i mai.

Sundag 13.juni var det messe i Åmotsdal. Då var me heldige å ha Ottar Kåsa med oss på hardingfele. Han spela fleire

gonger i messa, og til salmesongen. Etter messa var det kyrkjekaffi ute. Denne folkemusikkemessa samla folk frå heile kommunen i tillegg til personar frå Bø, Kviteseid og Vinje. Det vart ei høgtids-sam stund i kyrkja med hardingfele til religiøse folketonar. Dette viser kor godt den lokale kulturen passar inn i kyrkjene våre.

Me heldt fram i same stil med utemesse på Kjos den 11.juli. Då var det Stein Versto som stod for musikken; også han med hardingfele. Det var godt vær, og det møtte fram om lag 100 personar. Etter messa hadde Stein eit lite program der han fortalte om Smedalfamilien frå Flatdal, og spelte slåttar frå den tradisjonen dei stod i. Ein takk til vertskapet John Olav og Marit Haugetuft som nok ein gong la alt til rette for at me kunne vera samla på denne gamle fjellgarden.

Årets pilegrimsvandring gjekk gjennom Hanakamjuvet og Kivledalen til Seljord kyrkje den 20.juni. Me var 31 personar som gjekk heile vegen. Det vart fleire stopp med opplesing, song og forteljing. I tunet til Bente Lindvig blei me godt mottekne. Der hadde det møtt opp nokre som ikkje kunne gå heile vegen. Me fekk høyre segna om Kivlemøyane og dei tre Kivlemøyslåttane som Sara Fjågesund Aase spela.

Konfirmantane med familiar hadde møtt

fram ved kyrkja der det vart servering etter vandringa. På grunn av regnvær måtte gudstenesta flyttast inn i kyrkja.

I om lag 20 år har kyrkja i Seljord vore open kvar dag i juli månad. Denne sommaren ville me også ha dette tilbodet i Flatdal kyrkje. Det var omvisarar i begge kyrkjene, og det var ein god del personar som stoppa opp for å sjå desse to vakre gudshusa.

Denne hausten blir bispevisitasen den store hendinga for Seljord sokn og heile kommunen. Me legg opp til at bispen skal få eit best mogeleg innblikk i både kristenliv og samfunnsliv i kommunen vår. Sjå program for visitasen andre stadar i dette bladet.

Bergit Lisleåsheim Telnes

 **Funnemark**
Seljord

 **Morgedal Rør as**

post@morgedalror.no – 35 06 44 55 | Postboks 114, 3835 Seljord

MIN SALONG
Damefrisør
Seljord tlf 35 05 02 96

Din møbelbutikk
BoSenteret as
Møbel og teppeforretning
Postboks 44, 3835 Seljord, Tlf. 35 06 53 33


Circle K Seljord
Varm mat • Bilvask • Tipping
Dekkverksted • Gass
Tlf. 35 05 04 88
Brølosvegen 29, 3840 Seljord


BYGGMAKKER

BYGGMAKKER
Seljord Elektriske
Telefon 35 06 50 00

Kyrkjeguidar 2021



Helge Sigurd Amdal Telnes



Jeva Zhernosekova

Både Seljord kyrkje og Flatdal kyrkje har hatt guide sommaren 2021. I Seljord har Jeva Zhernosekova vore guide, medan Helge Sigurd Amdal Telnes har vore guide i Flatdal. Begge kyrkjene hadde mykje besøk, og dei to guidane gjorde framifrå jobb.

Gravsteiner Notodden
Det skal lønne seg å handle lokalt



Østlandets største utstilling og beste priser

150 steiner i utstilling
1-4 ukers leveringstid

Steinverksted på Notodden

www.notoddenbegravelse.no
Ingar Faane
350 12 155

Nutheim Gjestgiveri



Vi ønsker velkommen! Telefon: 35 05 21 43

Vi er her. Alltid. Også nå.

Tjenesten vår er flyttet til kvalitetssikrede hjemmekontor, og er fremdeles åpen - for alle som trenger noen å snakke med.

22 40 00 40
kirkens-sos.no

KIRKENS SOS

Møter i Seljord sokneråd, haust 2021

Seljord sokneråd er eit offentleg utval, og møta er såleis opne for alle.

18. august
16. september
19. oktober
17. november
14. desember

Me har som oftast møta på Seljord kyrkje-kontor i Brøløsvegen 48A, men skulle det bli endringar blir dette kunngjort på Seljord kyrkje sine heimesider.

Møta startar kl 18.00 og varer vanlegvis i to til tre timar.

Hausten 2021 har me sett opp desse møtedatoane:

Bergit Lisleåsheim Telnes

Aut. Installatør

Dyrud Elektro AS

3840 Seljord Tlf. 35 05 80 80
www.dyrud.no post@dyrud.no



Når du trenger elektriker

BYGGMESTER
T.A. GUSTAVSEN AS



TLF. 975 17 817
byggmester@live.no



AASMUNDSEN BAKERI

FLATDAL - TELEFON 35 06 53 00 **ALT I BAKERVERARER**

Velkommen til dåp i Seljord, Flatdal og Åmotsdal

Kjære foreldre.

Gratulerer med det nyfødte barnet!

Vi i Seljord, Flatdal og Åmotsdal kyrkje-lydar vil gjerne dele gleden med dere og ønsker velkommen til dåp i Seljord kyrkje, Flatdal kyrkje eller Åmotsdal kyrkje (eller i kapella i Manndal, Svartdal eller på Nutheim) .

Tidligere fikk kirkekontoret tilsendt fødselsmeldinger fra sykehusene slik at vi kunne sende invitasjoner til de nybakte foreldrene, men det har vi ikke anledning til lenger på grunn av personvernloven.

Når

De fleste døpes i løpet av de tre første månedene, men noen barn er eldre. Og nesten hvert eneste år har vi dåp av konfirmanter som ikke ble døpt som barn, men som velger å tilhøre kirken gjennom dåp og konfirmasjon.



Biletet er frå dåp av Ole Skårnes Skogsfjord, i Flatdal kyrkje 30. juli 2021. Det er Anne Lene Skårnes som har tatt biletet, og motivet syner Maya som auser vatn i døypefonta.

Hvordan

Når dere har bestemt dere for dåp, går dere inn på nettadressa seljordkyrkje.no/livets-gang og registrerer opplysninger der. Her ser dere hvilke datoer som er aktuelle for den enkelte kirke.

Valg av navn

Barnets navn registreres i Folkeregisteret, før dåp.

Faddere

Barnet må ha to til seks faddere. Disse må være over 15 år (eller konfirmant) og skal normalt være medlem i Den norske kirke. Å være fadder innebærer å hjelpe barnet til kristen tro, men det viktigste er å ha omsorg for det. Fadderne kan gjerne bidra med tekstlesing eller andre gjøremål under dåpen.

Dåpssamtale

Etter at ønsket om dåp er registrert, får dere en bekreftelse på dette og blir invitert til dåpssamtale med presten.

For spørsmål ta gjerne kontakt med de ansatte på kirkekontoret som ligger i 2. etasje på Brøløsevegen 48, eller via tlf og e-post. Se gjerne også Den norske kirkes hjemmeside, www.kirken.no/dåp.

*«Fylt av glede over livets under,
med et nyfødt barn i våre hender,
kommer vi til deg som gav oss livet,
kommer vi til deg som ga oss livet.»*

Dåpssalme 586 i Norsk salmebok

Gullkonfirmantfest 24. oktober

Kyrkjesokna har bruka å arrangere ein fest for dei som har 50 års jubileum sidan dei blei konfirmerte. For at det ikkje skal bli litt få deltakarar på festen så har vi i Seljord, Flatdal og Åmotsdal arrangert dette annan-kvart år, altså for to kull, og vi har samla gullkonfirmantane frå alle dei tre kyrkjene i ei kyrkje. Siste gullkonfirmantfest var i 2019, og i år er det kulla frå 1970 og 1971 det gjeld. Datoen som vil passe for oss i år er 24. oktober i Seljord kyrkje kl. 11:00, med fest på misjonshuset etter messa.

Gullkonfirmantar etter som dei er ført opp i kyrkjebøkene:

Seljord 1970:

Jens Dybdahl, Olaf Eivind Eilefsen, Øystein Kildal, Gunnar Lauvstad, Geir Olav Nordjordet, Knut John Sandsdalen, Jon Svartdal, Jostein Tengren, Jens Arvid Aas, Anne Mari Dyrud, Sigrun Garvik, Torbjørg Gravalid, Gerd Torunn Gås-dalen, Anne Berit Haugan, Tårån Helen Kivle, Inger Johanne Kårstein, Betty Margareth Lid, Annbjørg Norgaard, Bente Slåtta, Anne Bjørg Solheim, Anne Ingrid Sundal, Sigrun Aakre.

Flatdal 1970:

Knut Skeie Rue, Gudmund Runningen, Åsbjørg Moland, Grete Marianne Haugan.

Åmotsdal 1970:

Torkel Aase, Hege Audny Dyrland.

Seljord 1971:

Olav Skar Bjørge, Gregar Lien, Halvor Johannes Lykka, Rune Madland, Kjell Tore Nordal, Knut Nordstoga, Helleik Rabbe, Morten Øygarden, Sølvi Ingebjør Rui Fedog, Torunn Flatland, Gunn Marie Kasland, Kari Gro Kivle, Kari Kaasin, Unni Lunde, Jutta Irmgard Schröder, Anne Skance, Tone Gunnhild Tresland.

Flatdal 1971:

Ellen Grøstad, Erik Dybdahl, Knut Lier, Harald Storteig, Gunleik Svartdal, Halvor Aarbakk, Anne Margit Barstad, Astrid Espelid, Gunn Falander, Bjørg Synnøve Åsheim.

Åmotsdal 1971:

Kjetil Haugan, Hilmar Ivar Lindskog, Gunn Inger Groven.

(Denne teksta er lånt av kyrkjebladet til Sauherad og Nes. Sokneprest Anne Inger Lunner har skrevet den. Teksta er redigert på dei plassane ho bryt over til nynorsk. Redigeringa er gjort av Dag Harald Undheim.)

Eit signalbygg i Seljord



Frå tid til annan høyrer me snakk om at det skal byggjast eit signalbygg i Seljord. Me høyrde det i samband med at Rema 1000 skulle byggje nytt, og me høyrer det stundom i samband med at Telemark Bilruter skal byggje nytt.

Kva er eit signalbygg ?

Det norske akademis ordbok har denne definisjonen på omgrepet signalbygg:

Eit signalbygg er eit «... iøynefallende, (arkitektonisk) signifikant bygg som skiller seg (positivt) ut blant omgivelsene (og bidrar til å skape lokal identitet) ...»

Ut frå denne definisjonen er det ikkje vanskeleg å sjå at Seljord har allereie eit signalbygg, nemleg Seljord kyrkje. Dette byggverket svarar heilt og fullt til definisjonen i ordboka: Kyrkja vår er i sanning eit iaugefallande, arkitektonisk signifikant bygg som skiller seg positivt ut blant omgivnadene og bidrar til å skape lokal identitet

I god tid før omgrepet signalbygg vart oppfunne, skriv vår store forfattar Bjørnstjerne Bjørnson desse orda om kyrkja si plass som markør i lokalsamfunnet – sitert frå romanen Synnøve Solbakken:

«Kirken staar i Bondens Tanke paa et højt Sted og for sig selv, fredlyst, med Graves Højtid omkring, Messens Livlighed inde. Den er det eneste Hus i Dalen, hvorpaa han har anvendt Pragt, og dens Spir rækker derfor ogsaa lidt længer end det synes at række. Dens Klokker hilser langvejs hans Gang did den rene Søndagsmorgen, og han løfter altid paa Huen til dem, som han vilde sige dem et «Tak for sidst!» Der er et Forbund imellem ham og dem, som Ingen kjender.»

Seljord kyrkje oppfyller desse kriteria. Denne kyrkja har stande her i meir enn 850 år. Dette bygget vart bygd som gudshus, og det vert enno nytta til akkurat kva det vart bygd til. I meir enn 850 år har denne kyrkja ramma inn dei store hendingane i bygdafolkets liv.

Ingebjørg Kasin Sandsdalen skriv slik om Seljord kyrkje, i diktet Messetid:

*Det eldgamle Gudshus vinka
og skein meg så mildt imot*

*I sorg og i gledestunder
eg trødde dei trapper inn*

Seljord kyrkje er vårt viktigaste signalbygg.

Dag Harald Undheim

Mor

*I stille vinterdagen når naturen andar fred
då kom den store gjesten, baud mor å fylgja med.
Han tok ho vart i handi, og ljuset det brann ned.
So hadde båten landa, -og mor har funne fred.*

*No ligg ho trygt og kviler ved gamle kyrkja vår,
Og rundt ikring står fjelli, og over himlen klår.
Ho var så glad i bygdi, ho ha so fin ein stad,
Og difor kunn' ho synge, og alltid var ho glad.*

*Ho fekk nok prøve motgang og slit og tronge kår
Men slikt var lett å greie, -ho trudde på ein vår.
Og våren det var borni, for det ho ofra alt,
Og difor kjennest det i dag so tomt og kaldt.*

*Me går og sankar blomar og bitt ein minnekrans
og hugsar barneheimen -så mykje godt der fanns!
«Vårherre han står bakom alt» sa mor so mang ein gong.
For han skull me ha age, for det var ein me trong.*

*Ho lærde oss å beda, -men sjølv ho helst sa takk,
For gjennom sorg og møda ei livsens von der rakk. Djupt
inn i hjarterøter der låg den faste tru
som bar ho gjennom livet og inn til himmelbru.*

*I dag står barneflokken i lag med gamle far
og ser dei tusen fottrin i tun på denne gard.
Ho tråkka opp dei stigar som me skal vandre på.
No seier me ein takk for alt inntil dei gråe hår.*

*Me signar hennar hender, -no er dei knepte att.
Me opp til himlen sender for mor den siste takk.
Og lat så sol få skine på hennar frosne grav,
so blomar kan få spire når snøen smeltar av.*

Skogn 5. februar 1968
Målfrid Almankås-Vik.



Hans Nielsen Hauge i dei øvre bygdene

Dette er ein del av ein artikkel, henta frå «Øvre Annex», årsskrift for Åmotsdal Sogelag 2020, med nokre mindre tillegg og endringar. Del 1 av 2.

I år er det 250 år sidan Hans Nielsen Hauge vart fødd, og det vert markera på mange vis rundt om i landet. Han vart fødd 3.april 1771 på Rølsøy i Østfold og døydd 29.mars 1824 på Bretvedt i Oslo bare 53 år gamal. Hauge er ein av dei største og mest betydningsfulle samfunnsbyggjarane Noreg har fostra, gjennom sitt korte liv, som omfatta 10 år i fengsel, bidrog han til å reformere både kristenliv og næringsliv i store delar av landet. Skullemannen Wiggo Ullmann seier det slik i ei omtale av det som skjedde i Noreg då Hauge stod fram: «En helt ny ånd, en før ukjent kraft og energi er våknet i Norge!» Gjennom dei få åra han var på frifot reiste han Noreg på kryss og tvers, han tilbakela ca. 15.000 km. for det meste til fots, reiste og gjennom bygdene her i Telemark, frå Holla, Bø til Seljord og vidare til Flatdal, Svartdal og Åmotsdal.


Det er skrive mange biografier om Hans Nilsen Hauge som sikkert mange kjenner til, så eg skal bare taka med nokre glimt frå bakgrunnen til denne merkelege mannen som «satte Norge på ende», som Egil Elseth uttrykkjer det i sin Hauge-biografi. Hans Nielsen Hauge var ein enkel bondegut frå Tune i Østfold som voks opp saman med foreldre og sysken, han var nummer fem i ein syskenflokk på ti. Som 25-åring, den 5. april 1796, fekk han ei sterk åndeleg oppleving heime på garden som kom til å prege han resten av livet, og

gjorde at hans forkynning og samfunns-syn fekk den autoritet som synt seg i hans virke seinare. Han fortel sjølv om denne hendinga i si eiga bok, «Religiøse Følelser og deres værd.» Det var våronn, og han gjekk bak plogen og song på salma: « Jesus din søde Forening at smage », og kom til det andre verset :

*« Styrk mig ret kraftig i Sjelen derinde,
at jeg kan finde hva Aanden formaar.
Tag mig til Fange min Tale og Sinde,
led mig og lok mig saa svag som jeg gaar!
Mig og hva mit er jeg gjerne vil miste,
naar du alene i Sjælen kan bo,
og sig omsider paa Døren maa liste,
hva som forstyrrer min inderlig ro !»*

Så fortel han det som hendte vidare: » Nu blev mit Sind saa opløftet til Gud, at jeg ikke sansede mig, eller kan udsige hvad som foregikk i min Sjæl; thi jeg var udenfor mig selv, og det første min Forstand samlede sig om, da jeg fortrød, at jeg ikke havde tjent den kjære og over al Ting gode Gud, at jeg nu syntes intet i Verden var at agte. At min Sjæl følte noget overnaturlig, guddommelig og salig, det mindes jeg til denne Dag saa klart, som det skulle været skeet for faa Dage siden, da det dog er 20 Aar forløben siden Guds Kierlighed saa overvættes besøgte mig. Ingen kan heller fradisputere mig dette; thi jeg ved alt det gode i min Aand, som fulgte paa fra denne Stund, især den indelige brændende Kjærlighed til Gud og min Næste!»

Denne opplevinga skulle danne grunnlaget for hans liv og virke, og han dela



straks den sterke opplevinga med mor og syskena sine. Det virka til at dei og fekk del i det nye livet som Hans hadde fått, og som han med stort frimod vitna om. Så tok han fatt på det som skulle verta livsverket hans. På bare omlag 8 år, frå 1796 til han vart fengsla i 1804, reiste han, som nemnt, over store delar av landet, frå Østfold i øst til Bergen i vest, frå Kristiansand i sør til Troms i nord. Desse reisene føretok han for det meste til fots, og over alt der han kom vart det danna vene-flokkar av dei som tok imot budskapet hans, og heile bygdelag vart endra i positiv lei. I mange bygder fekk han god inngang hjå

stor-bønder, som i sin tur øvde god og positiv påverknad blant tenestefolka og elles i sitt nærmiljø. Men han satsa og på næringsutvikling, starta i alt over 30 ulike bedrifter, bl. a. papirfabrikkar, møllebruk, fekk i gang handels verksemdar, hjalp bøndene med å utvikle drifta, ein åndens og hændens mann som me ser verknadene etter den dag i dag. Mange av bedriftene Hauge starta lever og fungerer framleis. Hans filosofi var: »Hver burde efter sin Formue og sine Gaver hielpe til Fabricker og Værker at oprette og drive, saa ledige Hender faa Arbejde.» I tillegg skreiv han i alt 33 bøker, og over 500 brev som er

oppbevara på Riksarkivet. Men øvrigheta og presteskapet såg ikkje med blide augo på denne samfunnsrefsaren, dei beslagla skriftene hans, pussa støv av ein lovpara-graf som vart kalla «koventikkelplakaten», den som forbaud andre enn prestane å forkynne Guds ord. Han vart arrestera i alt 11 gonger før dei til slutt fekk putta han i fengsel den 24. okt. 1804. Ein del av klagemålet mot Hauge var:

a.»- at Hans Nielsen Hauge selv mot forordningen av 13.januar 1741 hadde reist rundt i landet og talt Guds ord.

b. -at han hadde oppmuntret andre til samme gjerning.

c. -at han i sine skrifter var kommet med grove beskyldninger mot geistligheten, om hvilke man dog antok at de verken var framført i vond vilje, eller at de, lest i sin sammenheng, var i den grad fornærmelige som ved første øyekast og løsevet fra sammenhengen». Han vart sitjande inne i 10 år, og då han omsider slapp fri var han ein helseknekt mann. Men då landet på denne tid opplevde blokade av tilførsel av naudsynte varer, så som bl. a. korn og salt, vart Hauge sleppt fri mot kausjon, for å bygge saltkokeri av sjøvatn, noko han hadde røynsle og innsikt i. Men då han hadde fått dette godt i gang, vart han putta inn att i arresten, og vesle joleftan 1814 fall endeleg domen: 1000 riksbankdaler sølvverdi til Kristianinas fattigkasse, og eit tilsvarande beløp i sak-somkostningar. I februar 1815 var beløpet betala inn, venene rundt om i landet hadde trådt til. Denne rettsprossessen er av historikarar omtala som: «norges-historiens største justismord!»

Det er ikkje mykje skriftlege kjelder å ause av når det gjeld Hans Nielsen Hauge sine reiser oppover i dei øvre bygdene i Telemark. Av dei opplysningane ein har, kan ein slå fast at Hauge reiste gjennom bygdene her hausten 1802. Som nemnt kom han frå Holla og Bø til Seljord, og vidare oppover til dei øvre bygdene i kommunen. Hauge stansa ikkje så lenge i hovudsoknet, dåverande prest i Seljord, Nicolai Solner, hadde ikkje så mykje til overs for desse «haugianarane», så det var kanskje av den grunn han reiste vidare. Men i jubileumsskrivet til Seljord Indremisjon stend det likevel at han heldt fleire samlingar i Nordbygdi i Seljord, og møtte der bl.a. læraren Zacarias Knudsen Gravdal, Tarald Trondsen Ramskei og fleire som slutta seg til dei såkalla «haugevennene». Ferda gjekk så vidare til Flatdal, og han heldt fleire møte på Minnesjord der det seiest at han tala frå stabburstrappi, og han vann seg mange vener der.

I Svartdal gav han seg betre tid, han heldt møte på Haugsvold, Blika og på Lien, han budde visstnok på Blika då han var i Svartdal. På denne tid budde Folkvard Pettersen frå Tuddal der, han var gift med Ingebjørg Blika, og desse to var Hagues nære vener. Folkvard gjekk i lære hjå Hauge, og reiste saman med han ei tid. Det seies at Hauge gjekk og spita då han gjekk oppover dei bratte bakkane frå Haugsvold til Blika, det var visst vanleg at han nytta reisetida på denne måten. Han hadde og syn for dei små, det fortels at Hauge på eit møte i Svartdal tok ei liti jente på fanget, strauk ho over håret og sa: «Du og kunne verta eit Kristusvitne!» Ein meiner å vita

at denne jentungen var Anne Åkre som var fødd i 1798, og var tipp-tipp-oldemor til bl.a. Ingebjørg Kasin Sandsdalen og Magnhild Kasin Nordgaard. Hauge hefte tydelegvis ei tid i Svartdal og vann seg mange vener og tilhengarar der. Det var nok i Svartdal «Haugerørsla» fekk sterkas-te og tydelegaste varig verknad, noko me kjem attende til.

Ferda gjekk så vidare langs Skarsvegen til Åmotsdal, og derifrå til Rauland. Skarsvegen, som var den gamle bygdevegen, er den same som Landstad bruka ca. 40 år seinare, og som er utførleg omtala i eitt av Landstad sine beste dikt, «Anneksreisen». Denne vegen var ei viktig ferdselsåre aust- vest i gamal tid, og viktig når det galdt samkvem mellom bygdene. I fylgje Seljordsoga og andre kjelder heldt Hauge møte på Berge og på Kultan i Åmotsdal. Det vart sagt at ordet han forkynnte slo djupe røter blant bygdefolket i Åmotsdal, og hadde varig verknad. Hauge understreka sterkt kor viktig det var å halde dei 10 boda, sundag skulle vera heilagdag, og han formana tilhengarane sine å leggja vekt på å liva eit rettskaffent liv. Eit lite utdrag og døme på noko av det han forkynnte:

« Vil da du, o menneske, ha det evige liv, så bli ved i bønnen inntil du får se din elendighet, at du er fortapt og fordømt til den evige død, som alle har fortjent- og det skal ikke sies med ord, men kjennes i hjertet. Dette er Den hellige ånds kall og opplysning; at en engstes over sine synder, og finner avsky for det onde. Tro evangeliet ! Den hungrende søker etter

mat og den tørstende etter drikke. Slik gjør og hver hungrende sjel: Fly til Den hellige ånd med bønn om at han viser at Jesus har fullkomment betalt for alle våre synder!»

Det er ikkje sagt noko om at Hauge overnatta i Åmotsdal, men det er rimeleg å tru at han gjorde det ettersom han drog vidare til Rauland.

Karl Valhøvd.

Framhald i neste nummer av Helg og Høgtid.

Kjelder :

Seljord Indremisjon 125 år.

Sigbjørn Ravnåsen:

Hans Nielsen Hauge og Telemark.

Sigbjørn Ravnåsen:

Ånd og Hånd, Hans Nielsen Hagues etikk for ledelse og næringsliv.

H.G.Heggtveit:

Den norske kirke i det nittende århundre.

Bind 1.

Egil Elseth:

Biografien om Hans Nielsen Hauge.

Tov Flatin:

Seljordsoga bind 1 og 2.

Alv Magnus:

Hans Nielsen Hauge. Mannen som forandret Norge.

Rikard Berge:

Bygdesoga for Vinje og Rauland, bind 3.

Jacob B. Bull:

Hans Nielsen Hauge.

Ny medarbeidar i Seljord sokn



Knut Ove i den nye kontorstolen sin på Seljord kyrkjekontor.

Seljord sokn har fått ein ny medarbeidar. Han heiter Knut Ove Lofstad, og er frå Kviteseid. Her vaks han opp, og her fekk han sin grunnutdanning – mellom anna på Kvitsund gymnas. Heilt frå oppveksten var han aktiv i kristent arbeid – mest av alt det arbeidet som var knytt til forsamlingshuset Betel i Kviteseid.

Sidan hausten 2020 har Lofstad vore tilsett i 50% stilling som trusopplærar og kontor- medarbeidar i Kviteseid sokn.

Knut Ove er tilsett i 50% stilling som diakoni- arbeid, og skal ha hovudfokus retta mot arbeid blant born og unge. Ein vesentleg del av dette arbeidet vil vere å ha ansvaret for konfirmantundervisninga i Seljord sokn.

Knut Ove har utdanning mellom anna frå Ansgarskulen i Kristiansand. Her har han gått på bibelskule, og her har han teke mastergrad i leining og kyrkjelydsutvikling. Emnet hans for mastergraden var av apologetisk karakter – korleis gjere seg bruk av den naturlege openberringa i det kristelege arbeidet.

Knut Ove er oppteken av at konfirmantane stiller ulike spørsmål om tru og liv – og han tenkjer at apologetikken kan vere til hjelp i samtaler om desse spørsmåla, hjelp til å finne rasjonelle svar på eksistensielle spørsmål.

Han seier seg mykje glad for å kunne ha ein jobb som meir er å sjå som ei teneste – eit kall – å kunne vere til hjelp for andre.

Men den nye medarbeidaren vår har andre interesser ut over det som handlar om kyrkje og kristenliv. Mest av alt legg han vekt på at han har glede i å vere ute i naturen – til fots og gjerne med fiskestonga i handa. Dessutan køyrer han MC.

Me ønskjer Knut Ove varmt velkomen til oss i Seljord.



Den nye diakoniarbeidaren vår er glad i å fiske. Biletet syner Knut Ove med ein fin aure som blei fiska i Birtedalen sumaren 2021.

KLÆR T. TVEITAN % INTERIØR-TEKSTIL

Brøløsvegen 46, Seljord. Tlf: 35 05 04 86



Hjarteleg takk for minnegåva som vart gjeven ved Astri Oddbjørg Bjørge si gravferd

Helsing tilsette ved Nesbukti pleie- og omsorgsenter Veslestoga

Program for bispevisitasen 2021

Bispevisitasen har eit fullsett program frå morgon til kveld tre dagar pluss visitasgudstenesta på sundag. Biskopen skal gjera seg kjend i heile Seljord prestegjeld, og folk i Seljord kan bli litt kjend med han. Det er ikkje alt i programmet som er tilrettelagt som publikumsarrangement, men her kjem det som vi ynskjer at folk stiller opp og deltek på. Det kjem annonse i Vest-Telemark blad med fyldigare omtale av desse arrangementa. I Manndal kapell er det frukost for alle som kjem, og vi håpar at folk kjem.

TYSDAG 21. SEPTEMBER

18:30 Kulturkveld på Granvin kulturhus i kinosalen

ONSDAG 22. SEPTEMBER

07:30 Frukost og morgonbøn i Manndal kapell

TORSdag 23. SEPTEMBER

18:00 Konsert i Flatdal kyrkje med Ingebjørg Lognvik Reinholdt

SØNDAG 26. SEPTEMBER

11:00 Visitasgudsteneste i Seljord kyrkje med visitasforedrag

Kyrkjekaffi på Misjonshuset for inviterte, grunna pademien.

Slekters gang

Døypete:

Flatdal kyrkje:
Micael Frøland
Ole Skårnes Skogsfjord

Døyppt på Korsvei:

Doris Amanda Instebø

Vigde:

Seljord kyrkje:
Maren Emilie Gundersen og
Andreas Rock Skrede Østevik

Døde:

Seljord:
Ragnar Haugland
Harald Brekke
Arnold Eugen Simensen
Erna Slaaen
Hans Einar Haugland
Andres T Øverbø
Astri Oddbjørg Bjørge
Magnhild Widenoja
Gunhild Nærdal
Kjell Martin Skogheim
Sveinung Langelid
Sissel Elisabeth Selmer Reitan

Flatdal:

Gunhild Haugan
Tordis Gotehus
Astrid Barstad

Åmotsdal:

Inger Bjåland
Johanne Aase
Oddvar Aarbakk



FLATDALS KONFIRMANTANE

Frå venstre: Torjus Mæland, Ambros Rørjom Rue, Maren Isabel Hustveit Aase, Ragnar Nørstrud (konfirmantlærer), Aurora Haugen, Ørjan Bjålid, Eirik Barstad Birkrem



SELJORDS KONFIRMANTANE

Frå venstre: Emma Haugan, Mari Almquist Roheim, Leah Prestholt Lorne, Kristine Eilefstjønn, Mina Marie Dahl Haugholmen, Amalie Stenstad Sandsdalen, Sunniva Aafloy Bredesen, Kaja Berge, Martine Hogstad Sveinsson, Olav Brennemo Eriksen, Elise Klingan Valla, Tiril Lie Ståland, Eirik Slåkvik, Sarah Nilsen Andersen, Signe Rømtveit, Daniel Flatland, Silje Steinmoen Odden, Ann Cathrin Øygarden, Kristian Eilefstjønn Berntzen, Katrine Braaten, Anette Braaten, Sander Tørre Strøm, Adrian Flatland Sandvik, Tuva Lie Ståland, Ragnar Nørstrud (konfirmantlærer), Malin Råmunddal, Åsne Gunvaldjord

Granvin kulturhus Seljord

Meir info om arrangementa og billettlenke finn du på www.granvinkulturhus.no

Arrangement på Granvin kulturhus hausten 2021. Med atterhald om endringar

21. september
Bispevisitas med kulturkveld.

22. september
«Lena og Ruben, via Lalla og Rose» inneheld 100 år med norsk humor og revy.

22. september
Aslaug Vaa og «den poetiske tenking» – foredrag ved Stein Versto.

24. september
Teater Ibsen: Refusert – av Tommy Sørbø
“Refusert” er ein tragikomisk monolog der Lars Sørbø spelar over tretti ulike karakterar.

29. september
On the road again – Memory show, er ei god musikalsk reise med “memory lane” tilbake til den gode musikken på 1950 – 60 og 70-tallet.

1. oktober
FN's eldredag

1. og 2. oktober
Seljordkappleik - Set av helga 1.-2. oktober og kom på Seljordkappleiken på Granvin Kulturhus!

5. oktober
Riksteatret: Detektivbyrå nr. 2 – operasjon teater Barn i Norge elsker bøkene om Detektivbyrå nr. 2 av krimforfattar Jørn Lier Horst.

17. oktober
Riksteatret: Don Quijote
Handlar om lågadelmannen som har forlese seg på ridderromanar og som vaknar ein dag fast bestemt om å bli ein riddar sjølv.

20. oktober
«Hans Nielsen Hauge som samfunnsbyggjar» - foredrag ved Mimir Kristjánsson. Arr.: Biblioteket, sogelaget og soknerådet.

23. oktober **Stort loppemarked.** Seljord skulemusikk

28. oktober
Burns på dialekt - Dikt av den skotske nasjonaldiktaren Robert Burns har blitt omsett til klingande Vest-Telemarkdialekt av Peter Fjågesund. Med kvedarane Åsmund Nordstoga og Ingebjørg Lognvik Reinholdt, den skotske felespelaren Sarah Jane Summers, gitarist Juhani Silvola og bassist Morten Kvam.

31. oktober
Stor korpskonsert med Sejord skulemusikk

11. november
Forfattarmøte med m.a. Kim Leine. Arrangement i samband med Kimen litteraturfestival

11. november
Sogespel med Knut Buen og Torgeir Straand
Om Jørgen Tjønnstaul og miljøet han levde i.

12/13 november
Musikalshow – Seljord folkehøgskule

19. november
Teater Fabel: Rui-jentene – Nyoppsetting av den populære framsyninga om Rui jentene

25. november
Teater Ibsen: Kunst
Få ting kan få så mange ellers sindige menneske til å bli så rasande som å vise dei noko dei ikkje likar, og insistere på at det er kunst. Dette er utgangspunktet for KUNST av Yasmina Reza.

Datahjelp hausten 2021:
Trenng du grunnleggjande hjelp for å kome i gang med å bruke mobil, nettbrett eller PC? Nå kan du få enkel datahjelp på biblioteket i Seljord desse dagane:

- Tysdag 21. september kl. 12-14
- Tysdag 19. oktober kl. 12-14
- Tysdag 23. november kl. 12-14
- Tysdag 14. desember kl. 12-14

Drop-in eller timebestilling på tlf. 35 06 51 56. Tilbodet er gratis. NB! Du må ta med ditt eige utstyr, dvs. mobil, nettbrett eller PC. Tilbodet er ved Seljord frivilligsentral og Seljord bibliotek, i samarbeid med Vest-Telemarkrådet.

Seljord Normisjon

Faste aktivitetar på Misjonshuset:
Kvinneforening fyrste torsdag i kvar månad
Formiddagstreff siste fredag kvar månad kl 11.00
Tysdagsklubb ein tysdag i månaden
Møte tysdagar og sundagar kl. 19.00 (sjå program)

Høstsemesteret 2021 blir det ein kombinasjon av samlingar på sundagskveldar og tysdagskveldar. Det blir møte, bibeltimar og sangkveld, i tillegg er det planlagt ei møtehelg. Temaet for høstsemesteret er Guds omsorg.

3. og 4. september.
Hans Bergan frå organisasjonen Sarepta har møte. Sjå kunngjering i VTB

Sundag 19. september kl. 19.00.
Møte med tale av sokneprest Møyfrid Lunde.

Tysdag 28. september kl. 19.00.
Gudveig Gravir har gjennomgang av teksten for komande sundag, 5. Mosebok 30. 11-15. Ordet er deg heilt nær.

Fredag 1. - sundag 3. oktober.
Bibelhelg med Kurt Hjemdal. Møte fredag og laurdag. Sundag blir det fest kl. 17.00. med markering av Seljord Indremisjon sitt 150-års jubileum. Sang av Godt nytt frå Øy fjell.

Tysdag 12. oktober kl. 19.00.
Gudveig Gravir har gjennomgang av teksten for komande sundag, Lukas 16. 19-31. Den rike mannen og Lasarus.

13. - 16. oktober.
Tor Andre Haddeland frå organisasjonen Sarepta har møte. Sjå kunngjering i VTB.< br

Sundag 17. oktober kl. 19.00.
Sangkveld med Herdis og Øyvind Jørgensen.

Tysdag 26. oktober kl. 19.00.
Kjell Johan Nenseter har gjennomgang av teksten for komande sundag, Lukas 18. 9-14. Farisearen og tollaren.

Sundag 31. oktober kl. 19.00.
Møte med tale av forstandar Terje Tveiten.

Fredag 5. november kl. 18.00.
Basar.

Tysdag 9. novembe kl. 19.00.
Kjell Johan Nenseter har gjennomgang av teksten for komande sundag, Matteus 14. 22-34. Jesus og Peter går på vatnet.

Sundag 14. november kl. 19.00.
Møte med tale og sang av Nils Jørgen Hardang.

Tysdag 23. november kl. 19.00.
Leif Raustøl har gjennomgagn av teksten for komande sundag, Matteus 21. 10-17. Jesus rid inn i Jerusalem..

Sundag 5. desember kl. 19.00.
Møte med tale av Åsbjørg Moland. Dei ulike arrangementa vert gjennomført etter gjeldnade reglar for smittevern ved offentlege arrangement. Sjå kunngjering av møta i VTB.

Konsert i Flatdal kyrkje med Ingebjørg Lognvik Reinholdt



I samband med bispevisitasen 21. – 26. september 2021, skal det vere konsert i Flatdal kyrkje – torsdag 23. september kl 18.00.

Ingebjørg Lognvik Reinholdt vil delta på konserten. Samstundes vil det vere litt fellessang som innramming av arrangementet.

Billett kan kaupast ved inngangen – kontant eller ved vipps på nummer 650484.

Ingebjørg Lognvik Reinholdt (til venstre) skal delta på konsert i Flatdal kyrkje 23. september kl 18.00.

Bilete er lånt med tillatiing frå nettsida www.ingebjorg.no

Føremiddagstreff på Seljord misjonshus, hausten 2021

Etter eit langt «koronaopphald», greidde me å ha føremiddagstreff i slutten av april. Det var hyggeleg å treffast igjen, og mange gav uttrykk for at dei hadde sakna desse treffa.

I haust vil me møtast desse fredagane:

Fredag 10. september

(Sidan det ikkje blir Dyrsku i år heller, må me finne på noko hyggeleg på «Dyrskufredagen»)

Fredag 29. oktober.

Fredag 26. november.

Me møtest kl 11.00 til andakt, mat, song og underhaldning, og sjølvsgatt utlodning.

Dersom nokon av dykk treng transport, kan de ringe Kjell Johan Nenseter, tlf: 951 32 489.

Vel møtt!
BLT

Føremiddagstreff i Flatdal

Onsdag 15.09.

Onsdag 13.10.

Onsdag 17.11.

Onsdag 15.12.

Samlingene er på SION onsdagar kl. 11.00
Arrangørar er Kyrkja, Misjonslaget og Sion.

Takk til Ragnar

Ragnar Nørstrud har vore tilsett som ungdomsarbeidar i tiltaket vårt «Ønsket og Elsket» frå januar 2018. Han har hatt 30% stilling der. Frå april 2019 har han i tillegg periodevis hatt ansvaret for det lokale konfirmentarbeidet i Seljord. For årets konfirmentar hadde han hovudansvaret, han er med på konfirmentbilda i bladet. Ragnar har vore ein stor ressurs for oss, og vi skulle gjerne hatt han med vidare, men han slutta dessverre i august i år.



Eit tilbod til familiar med barn i barnehage- og skulealder. Felles måltid med mat til barn og foreldre, samling for barna med aktivitetar, lek, Bibelforteljning og song.

Hausten 2021

Tysdag 31. august	Tysdag 16. november
Tysdag 21. september	Tysdag 07. desember
Tysdag 26. oktober	

Kl. 16.30 – 18 på Misjonshuset
(like ved Ungdomsskolen)



Flatdal Handlaft as
Telemark

www.flatdalhandlaft.no

3841 Flatdal

Tlf 350 57005 Mob 971 53661



granvin kulturhus
seljord

*Vi tek gjerne imot minnesamvære, kurs, konferansar og selskap.
Alle arrangement blir gjennomført etter gjeldande smittevernreglar.
Kjøp billetter på www.granvinkulturhus.no på grunn av smittevern.*

Granvin Kulturhus AS
Nyveg 16 3840 Seljord

Telefon: 35 06 59 80
Epost: post@granvinkulturhus.no
www.granvinkulturhus.no

Gudstenester

16.s. i trieningstida – 12.sept

Seljord kyrkje 11.00

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

17.s. i trieningstida – 19.sept

Flatdal kyrkje 11.00

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

18.s. i trieningstida – 26.sept

Visitagudsteneste.

Seljord kyrkje 11.00.

Offer: Ønsket & Elsket

19.s. i trieningstida – 03. okt

Flatdal kyrkje 11.00. Haustfest.

Utdeling av 4-årsbok.

Offer: Trusopplæringa

19.s. i trieningstida – 10. okt

Inga messe i soknet

21.s. i trieningstida – 17. okt

Åmotsdal kyrkje 11.00

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

22.s. i trieningstida – 24. okt

Seljord kyrkje 11.00

Gullkonfirmantfest

Offer: Helg & Høgtid

Bots- og bønedaag – 31. okt

Flatdal kyrkje 11.00

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

Helgemessesundag – 07. nov

Minnedag

Seljord kyrkje 19.00

25.s. i trieningstida – 14. nov

Flatdal kyrkje 11.00

Offer: Kirkens bymisjon i Telemark

Domssøndag/

Kristi kongedag – 21. nov

Seljord kyrkje 11.00

Offer: Kirkens bymisjon i Telemark

1.s. i adventstida – 28. nov

Flatdal kyrkje 11.00

Offer: Trusopplæringa

Åmotsdal kyrkje 17.00

Offer: Trusopplæringa

2.s. i adventstida – 05. des

Seljord kyrkje 11.00

Offer: Trusopplæringa

3.s. i adventstida – 12. des

Nes bedehus 11.00

Offer: Nes bedehus

4.s. i adventstida – 19. des

Nutheim kapell 19.00

Offer: Ungdomsarbeidet

Joleftan – 24. des

Flatdal kyrkje 15.00

Seljord kyrkje 15.00

Seljord kyrkje 16.00

Offer: Kirkens nødhjelp

Joledag – 25. des

Seljord kyrkje 12.00

Offer: Misjonsprosjekt NMS.

4. joledag – 28. des

Åmotsdal kyrkje 17.00

Jolefest på grendehuset etter messa

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

Nyårseftan – 31. desember

Seljord kyrkje 16.00

Offer: Kirkens SOS i Telemark

2. s. i openberring – 09. januar

Manndal kapell 17.00

Jolefest etter messa

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

3. s. i openberring – 16. januar

Seljord kyrkje 11.00

Offer: Misjonsprosjektet NMS.

4. s. i openberring – 23. januar

Flatdal kyrkje kl 11.00

Offer: Ungdomsarbeidet

5. s. i openberring

– 30. januar

Åmotsdal kyrkje kl 11.00

Offer: Kirkens Nødhjelp

6. s. i openberring – 06. febr

Seljord kyrkje kl 11.00

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

Taraldsmesse – 12. febr

Seljord kyrkje kl 19.00

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

Såmannssøndag – 13. febr

Inga messe i soknet

Kristi forklåringsdag – 20. febr

Flatdal kyrkje kl 11.00

Offer: Menighetsfakultetet

Fastelavnssøndag – 27. febr

Seljord kyrkje kl 11.00

Offer: Helg og Høgtid

1. s. i fastetida – 06. mars

Flatdal kyrkje kl 11.00

Offer: Kirkens SOS Telemark

2. s. i fastetida – 13. mars

Seljord kyrkje kl 11.00

Offer: Kirkens Bymisjon

3. s. i fastetida – 20. mars

Kjos i Åmotsdal kl 12.00

Offer: Helg og Høgtid

Maria bodskapsdag – 27. mars

Flatdal kyrkje kl 11.00

Offer: Barnearbeidet

4. s. i fastetida – 03. april

Seljord kyrkje kl 11.00

Offer: Ungdomsarbeidet

Palmesøndag – 10. april

Flatdal kyrkje kl 11.00

Offer: Misjonsprosjektet NMS

Endringar kan koma

Seljord kyrkje

Flatdal kyrkje

Åmotsdal kyrkje

Manndal kapell

